

Til formannskapet.

Bøvågen, 19. februar 2017

Foreldregruppaa ved Bø barnehage etterlyser vedtak om bygging av ny barnehage! Me har i ei årrekke hatt behov for nye bygg i Bø Barnehage og det blei vi lova ved sist valkamp. Det er også vedtatt i årets budsjett for kommunen. Nybygget har imidlertid latta vente på seg og det har versert mange forklaringar på kvifor, uten at me har fått gode nok svar. Dette held ikkje lenger!

Me krev derfor snarast eit infomøte der foreldre og evnt ansatte ved Bø barnehage blir invitert. Dette møtet må vera før endeleg beslutning i kommunen. Vi vil ha ei offisiell løypemelding om status og dei forskjellige planalternativa.

Me har forstått at mykje her går på økonomi, då vil me be dykk sjå til Austrheim som planlegg ein mindre barnehage til høgare pris, så dette er rett og slett det vi forventar at kommunen bevilgar for å byggja ny barnehage. Radøy må få spaden i jorda, ja me vil alle sikre at dette blir så bra som mulig for ungene våre, og dei som har barnehagen som arbeidsplass. Kvifor skjer det ikkje noko?

Når det kjem til sjølve bygget så vil me poengtera viktigheten om å bygge for framtida, det er i dag 5 avdelinger med totalt 60 ungar. Dette talet har vert stigande siste åra. Me har småbarnsavdelinger i to tidlige eldrebustader, fine til sitt opprinnelige formål men dog ikkje bygd med tanke på barnehagedrift. Eldste delen av barnehagen vår var i bruk også for 30 år sidan! Det må vera fokus på løysingar som er framtidsretta og funksjonelle, både ved nybygg og uteområdet. Plasseringa bør også vera så nær bygdesenteret som mulig, det er per i dag tett samarbeid mellom skule og barnehage då spesielt for førskuleungane. Også med tanke på og få kvardagen til og gå opp for foreldre, born og tilsette.

Det har også vore forespeila ulike løysingar for plassering av borna i ein byggeperiode, det er viktig at dei har eit godt tilbud medan nybygget og utearealet vert bygd/oppgradert. Det må vera lika risikofritt som ein barnehagedag er ved normal drift, me kan ikkje ha barnehage midt i ein anleggsplass.

Det er vanskeleg for oss å lesa gjennom avisene kva dei ulike alternativa for ny barnehage gir. Men, me vil ha den beste barnehagen, og då ønskjer vi det som ligg som alternativ 1 i sakslista til formannskapsmøte 23 februar. Det er den løysinga som ser best ut for ungene og for å kunne kalle barnehagen framtidsretta og gjennomtenkt. Men, vi vil få grundig info om alle alternativa, slik at vi veit kva dei går ut på.

Me i FAU vil gjerne spele på lag med både folkevalgte og tilsette i kommunen men då må de også strekke ut ei hånd til oss og involvere oss der det er mogelig, me treng informasjon for og kunne meine noko og bidra med nokon.

Vi forventar eit snarleg møte.

Helsing May-Cecilie Ulsmog

Foreldregruppaa i Bø barnehage

Kopi: Kommunalsjef Jo Bjarte Tømmebakke

Rådmann Jarle Landås